

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag, onsdag 15.desember 2010

Til stades: Johan Urheim, Bjørg Samland, Gerd Haugen, Kjell Olav Samland, Trond Vikane

Sak 1 Referatsaker

- Bygdelaget betalar 3-dobbel vassavgift for skulebygget. Denne avgifta skriv seg frå den tida det var skuledrift i bygget. Herand Vasslag er ikkje villig til å redusera vassavgifta slik at den samsvarar med noverande vassforbruk i bygget.
- Johan orienterte om ei straumrekning i Meieriet knytta til bygdelaget sin bruk av Meieriet siste året.

Sak 2 Bygdelagsbasaren 5. juledag

Styret drøfta og fordelte arbeidsoppgåver knytta til basaren onsdag 29.desember.

Sak 3 Vurdera skifte av trykkeri for bygdebladet

Bladstyret for Herand Bygdeblad har ønskje om å byta trykkeriet i Bergen med eit meir lokalt trykkeri.

Det er sendt førespørsel til tre trykkeri. Saka vert teken opp att når vi får svar frå desse.

Sak 4 Ymse

Styret drøfta økonomien til barnehagen, og ser det som ønskjeleg at det vert sett opp eit årsbudsjett for drifta av barnehagen.

Trond Vikane
skrivar